

Møter velvilje i kommunen

24.10.2010



Møter velvilje i kommunen: Rikard Haugland og Åge Kolaas.

Næringsrådgjevar Karin Thauland i kommunen har uttala seg positivt om søknaden om midlar frå det regionale næringsfondet til Rikard Haugland (Uskedalen) og Åge Kolaas (Sunde). Dei vil etablira ei vaktmesterteneste. Thauland har sendt saka til Samarbeidsrådet for Sunnhordland med tilråding av at det vert ytt stønad frå fondet. Ho har stor tru på at dei vil lukkast med satsinga.

Thauland peikar mellom anna på at dei to disponerer lagerplass på bruket til Haugland i Uskedalen og eig mykje utstyr slik at dei har høve til å starta opp bedrifta utan store nyinvesteringar. Dette gir grunnlag for å byggje opp gradvis og utvide tilbodet etterkvar som det vert kjend med nye marknader og får knytt til seg fleire personar busett i andre deler av Kvinnherad og nabokommunane

Kommunen kan kanskje og verte ein mogleg kjøpar av tenestene deira.

Thauland minnar om at dei to har både lang erfaring frå fleire bransjar og er godt kjend i kommunen og det vil med dette tilbodet kunne dekke eit behov.

Av Ola Matti Mathisen